



<b>REFERAT FRÅ</b>	Dialogmøte om båtruta i Osterfjorden				
<b>MØTELEIAR</b>	Målfrid Vik Sønstabø				
<b>REFERENT</b>	Vigdis Bjørgo				
<b>MØTEDATO</b>	27.08.2018	<b>TID</b>	13.30-15.00	<b>MØTESTAD</b>	Skyss
<b>REF. DATO</b>		<b>ARKIVSAK</b>	2017/17742-13	<b>ARKIVNR</b>	5
<b>DELTAKARAR</b>	Nina Bognøy, varaordfører Lindås kommune Eirik Haga, ordfører Vaksdal kommune Sigmund Simmenes, varaordfører Vaksdal kommune Jarle Skeidsvoll, ordfører Osterøy kommune Jostein Klette, planleggar Osterøy kommune Målfrid Vik Sønstabø, konst. direktør Skyss Vigdis Bjørgo, seniorrådgjevar Skyss				
<b>FRÅVÆR</b>					
<b>KOPI TIL</b>					

## Dialogmøte om Osterfjordruta 27.08.2018

### Agenda:

- Tilbakemelding om lokale drøftingar og eventuelle avklaringar
- Drøfte moglege løysingar
- Vidare prosess

### Tilbakemelding frå kommunen

Kommunane viste mellom anna til folkemøte om saka, og melde tilbake følgjande:

- Det er uaktuelt for kommunane å leggje ned båtruta
- Dagens tilbod er eit minimumstilbod
- Fylkeskommunen bør stå for anbudsutsetjinga
- Fastbuande er viktigaste å ivareta – må vere trygge på å komme seg fram heile året
- Langs ruta er det fleire nedlagte gardsbruk som skal skjøttast og andre fritidsbuande som i dag brukar ruta
- Ruta har potensiale i høve reiselivet

Skyss fekk levert oversyn over eigedomar langs båtruta, fordelt på gardsbruk med og utan fastbuande, andre faste bustader og fritidsbustader.

### Drøfting

Ut frå tilbakemeldingane frå kommunane vart det ein diskusjon om moglege løysingar med omsyn til økonomi og kontraktsforhold. Kommunane er ikkje avvisande til å inngå med medfinansiering, innanfor ei gitt ramme. Skyss vil gjere naudsynte avklaringar kring juridiske høve knytt til mellom anna kontraktslengde. Utgangspunktet er at inneverande avtale ikkje kan forlengast ut over inneverande år.

Kommunane synte til komande fylkessamanslåing og behovet for å harmonisere tilbodet og felles retningslinjer for denne type båttillbod. Skyss ga uttrykk for at dette er noko som ikkje vil vere på plass som grunnlag for dette aktuelle sambandet.

### Vidare prosess

Skyss må sjå den politiske handsaminga av saka i samanheng med budsjettprosessen i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen legg fram budsjettokument for 2019 den 25. oktober. Skyss og kommunen held kvarandre oppdatert om framdrift i respektive saksangar. Skrivefrist for politisk sak til MISA om båtruta er 3. oktober.